

**Fra:** Hilde Fiske Hugaas  
**Sendt:** torsdag 28. september 2023 19:01  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Høyringsuttale frå SU ved Ostereidet ungdomsskule i samband med planprosess for skule- og barnehageplan.

**Kategorier:** Arkivert i Websak

Det elektroniske skjemaet til høyringa verkar ikkje, så på vegne av Su kjem eg med følgjande innspel :

«SU ved Ostereidet ungdomsskule har følgjande merknad til planprogram "Barnehage og skulebruksplan":

Prosessene må ta høgde for meir enn SSB sine prognosar for folketalsvekst/ elevtal. Det er viktig at lokale reguleringsplanar vert tekne med i avgjerdene.

I bygdene rundt Ostereidet er det fleire bustadreguleringar som er vedtekne. Dette vil påverka elevtalet når desse planane vert realiserte. SU er usikre på om eventuelle flyktningar som kjem til kommunen er tekne med i SSB sine prognosar.

Kommunesentera skal bestå, og det skal vera skule i alle kommunesenter.

I tillegg er det viktig å ta høgde for kva behov elevmassen i dagens skule og barnehage har. Ein ser at elevane i dagens skule har andre og ofte meir omfattande behov enn det ein har sett tidlegare.

SU stiller seg spørjande til tidsplanen, då administrasjonen har signalisert ei eventuell endring i skulestrukturen frå hausten 2024. Eit vedtak i oktober vil då føra til at ein ikkje kan gjera endringar før til skuleåret 2025-2026.»

Med beste helsing

**Hilde Fiske Hugaas** | Rektor Ostereidet ungdomsskule

Telefon: 56 37 53 79 / 920 48 899

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE